

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sande

Emne: Lauving.

Bygdelag: Voksa.

Oppskr. av: Torvald Baade

Gard: Voksa

(adresse): Voksa.

G.nr. 63. Br.nr. 2.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Det er ikkje vanleg å lauva, og har truleg heller aldri vore det. Heradet er skoglaust å rekne så det er ikkje mykje å ta av. Hendelsesvis kan det vel vera at ei kjerring rakar saman i forklætt sitt litegrand lauv og gøymer til vinteren, oftast med dei orda: Det kan koma vel med i ein lambekjeft. Men nokon stor promille av foringa kan det ikkje vera. Og retteleg lauving har ingen råd til då ein treng forvel den skogen som er til anna og nyttigare. Eg trur ikkje det har vore onnorleis før i tida heller, for her er inga segner om noko slikt.

Dette er omlag kva eg kan seie om dette emnet. Elles var eg vel inne på noko av det same under emne 7. Skav.

1832

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING